



Lindås Rør & Sanitær AS
Burkhovdane 1
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1863 - 18/15645

Saksbehandlar:

Eilin Houlison Molvik

EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:

15.05.2018

Løyve til etablering av slamavskiljar med leidning til sjø - gbnr 238/41 Eknes indre

Administrativt vedtak. Saknr: 225/18

Tiltakshavar: Harald Nordås

Ansvarleg søkjar: Lindås Rør & Sanitær AS

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av slamavskiljar med leidning til sjø på eigedom gbnr. 238/41.

Søknaden omfattar naudsynt grunn- og terrengarbeid og leidningsnett. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Det vart i vedtak datert 05.03.18 gjeve dispensasjon frå LNG-føremålet i KPA samt frå pbl § 1-8 byggeforbodet lans sjø for etablering av slamavskiljar med leidning til sjø og utsleppsløye.

Det vart i vedtak datert 05.03.18 gjeve utsleppsløyve for fritidsbustad på eigedom gbnr. 238/41. Saka omfattar søknad om dispensasjon frå [sett inn].

Det vert elles vist til søknad motteken 11.05.18.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 11.05.18 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål.

Dispensasjon

Det er søkt om og gjeve dispensasjon for dei aktuelle tiltaka.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 12.08.17, som syner leidning via nausttomt tilhøyrande gbnr 238/41.

Vatn og avløp (VA)

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

Det er søkt om og gjeve utsleppsløyve i sak108/18 /vedtak datert 05.03.18. Utsleppsløyve gjeld 6 pe.

Tilkomst, avkøyrsløp og parkering

Tiltaket fører ikkje til endra/auka bruk.

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser plassering av slamavskiljar og leidningstrase.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING**Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Privatrettslege tilhøve

Det ligg føre tinglyst rett til å grave grøft for vann og avløp over gbnr. 238/3 for eigedom gbnr. 238/41.

Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Det ligg registreringar av nær trua dyreart – Stær, observert 27.05.11 - i området lenger sørvest for eigedomen.

Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Forhold til anna lovverk

Bergen og omland hamnevesen har i vedtak datert 12.04.18 gjeve løyve til utlegging av utsleppsleidning til sjø, løyve er gjeve på bakgrunn av innlimt skisse.



VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve i eitt trinn for etablering av slamavskiljar med leidningstrase til sjø for eigedom gbnr. 238/41. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 12.08.18 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Vilkår gjeve i administrativt vedtak sak nr. 108/18 datert 05.03.18 (utsleppsløyve) og administrativt vedtak saknr. 106/18 datert 05.03.18 (dispensasjon) gjeld for tiltaket.

Tiltakshavar og ansvarleg søkjar pliktar å følgje opp vilkår gjeve i vedtak fatta av Bergen og omland hamnevesen datert 12.04.18.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Faktisk plassering av slamavskiljar må vere målt inn enten ved koordinatar eller ved utmål frå to hjørne av fritidsbustaden, koordinatar eller utmål skal vere sendt kommunen seinast ved søknad om bruksløyve.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 17/1863

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Harald Nordås	Eidsvågveien 100 A	5101	EIDSVÅGNESET
Jannicke Myran og Harald Nordås	Eidsvågveien 100 A	5101	EIDSVÅGNESET
Lindås Rør & Sanitær AS	Burkhovdane 1	5914	ISDALSTØ

Mottakarar:

Lindås Rør & Sanitær AS	Burkhovdane 1	5914	ISDALSTØ
-------------------------	---------------	------	----------